



Karsten ser mot toppen!

**Sist veke arrangerte som tidlegare omtala, DNT klatrekurs for nybyrjarar i Uskedalen. Dei ni deltakarane kom frå store deler av landet. Særleg var Austlandet godt representert. Aldersspreiinga var også stor, aller yngst på dette ekstremt tøffe kurset var einaste lokale deltakar, 16 år gamle Karsten André Haugland her frå Uskedalen.**

Eg har hatt ein liten prat med han etter ei ekstrem og opplevingsrik kursveke, og det er ikkje tvil om at dette har gjeve han opplevingar for livet. Storveis fornøgd er han! Eg lurte på korleis han fann på å melde seg på dette kurset.

- Eg hadde ikkje lagt nokre planar for kva eg skulle gjera denne delen av sommarferien, og så hadde mor mi lese ein notis på uskedalen.no. Ho gjekk inn på DNT(Den Norske Turistforening) sine nettsider og fann opplysningar om kurset, og fortalde meg om det. Dette syntest eg var spennande, og eg melde meg på.

Han var nok heldig som kom med, for kurset vart populært, vart fullteikna og hadde venteliste. Heldig var han også som nettopp var fylt 16 år, for det var aldersgrensa for å komma med.

- Men hadde du noko erfaring frå klatring frå før? ville eg vita sidan han gjorde dette tøffe valget.

- Eg hadde aldri klatra ute i naturen, men eg var med ein del på klatring inne i hallen då det starta opp. Etterkvart dabba interessa for inneklating, og eg var ikkje så aktiv der lenger. Men det var fleire av dei andre som ikkje hadde vore borti klatring i det heile før, og det gjekk heilt supert. Naturklating og inneklating er i grunnen to heilt forskjellige ting, fortel Karsten til meg som er altfor plaga av høgdeskrekk til å ha peiling på noko av dette.



Karsten mottar instruksjonar frå instruktør Stig A. Hordvik.

Karsten fortel at dei skulle vera klar til aktivitet kvar føremiddag kl.09.30. Kor lang tid dei klatra om dagane varierte naturleg nok noko. Han fortel om ein av dagane dei var i Eikedalen. Då klatra dei tre og ein halv time i sida av Englafjell før dei nådde toppen. Det hadde gått raskare enn forventa. Då fekk dei tid til noko som vert kalla sportsklatring etterpå. Han fortel om kjempedyktige instruktørar, og at det vart lagt stor vekt på at dei skulle føla seg trygge.

Eg ville vita korleis det var å vera yngstemann, og korleis gruppa fungerte sosialt.

- At eg var yngst merka eg ikkje noko til. Dessutan var det to til under 20. Sosialt var det veldig kjekt, og alt fråførste bli-kjent-kvelden snakka alle med alle. Om kveldane sat vi som regel rundt bålet og kosa oss, snakka mykje saman og det var god stemning, sa den unge fjellklatraren som fortalde at det var ein dag med mykje vind, og då var det ikkje så gode forhold for sosialt fellesskap. Men klatring vart det den dagen og!

Eg lurar på om kurset svara til forventningane, og om han vil fortsetja å klatra.

- Eg var litt spent på innhaldet på førehand. Eg hadde ikkje venta at eg skulle klatra i sida av Englafjell helt tiltopps, eller at eg skulle 500m opp i vegg på Ulvanåso. Det var ein litt uverkeleg følelse når ein var oppe i fjellsida. Det var trygt, men det var ein følelse at det var ekstremt. På kanten! Det var knallgøy!

Karsten er ikkje i tvil om at han har veldig lyst til å fortsetja med fjellklatring. Han håpar også at fleire Uskedalsungdommar vert med på tilsvarande kurs. Heldige er vi som har ein kursarena som folk kjem frå heile verda for å bruka. Dei mest langvegsfarande kom denne helga frå Australia.



Karsten snart på toppen!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Stig Anton Hordvik og Sondre Kvambekk